

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
081/22	Formannskapet	PS	01.09.2022
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-039	22/900

Eigarskapsmelding 2022-2024

Vedlegg:

KS rettleiar: Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll

Eigarskapsmelding 2022-2024 - Austrheim kommune - framlegg

Framlegg til vedtak:

1. Eigarskapsmelding 2022 – 2024 for Austrheim kommune, vert godkjent.
2. Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Formannskapet - 081/22 - 01.09.2022

FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Eigarskapsmeldinga vert gjort tilgjengeleg på heimesida.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det må rettast om eigardel Aufera, der også Fedje er inne.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er veldig informativt med informasjonen om dei ulike selskap der ein eig.

Ordføraren refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS vedtak:

1. Eigarskapsmelding 2022 – 2024 for Austrheim kommune, vert godkjent.
2. Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

God forvaltning av eigarskap er avgjerande for å sikre kvalitet på tenestar og god forvaltning av felles

verdiar, og er i tillegg viktig for omdømmet til kommunen. Ei eigarskapsmelding skal sikre naudsynte styringssignal til selskapa og tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar. For å utøve bevisst eigarstyring må heile kommunestyret vite kva kommunen eig, kva kommunen vil med dette og ikkje minst kvifor dei eig kvart einskild selskap.

Selskapa sine strategiske mål vert i stor grad utforma av eigarstyra. Derfor er det viktig at kommunestyret i Austrheim ovanfor selskap med sterke kommunale interesser aktivt definerer og revurderer motiv, mål og forventningar.

Eit mål med eigarskapsmeldinga er å drøfte kommunen sine motiv for å opprette eller delta i selskap, å ha etablert prinsipp og retningslinjer som skal vere generelle for kommunen si eigarstyring, ramme for utøving av eigarskap i ulike selskapsformer, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa.

Kommunen har eit kontroll- og tilsynsansvar ovanfor sine eigarinteresser i selskap.

Eigarskapsmeldinga er bygd opp på tidlegare eigarskapsmelding for Austrheim kommune. Austrheim kommune si eigarskapsmelding er delt opp i 2 delar:

- I. Eigarskap og selskapsstyring
- II. Selskapsoversyn III. Interkommunalt samarbeid

Fakta

Det følger av den nye kommunelova § 26-1 at kommunen minst ein gong pr. valperiode skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal godkjennast av kommunestyret. Meldinga skal minst innehalde kommunen sine prinsipp for eigarstyring, ei oversikt over selskap kommunen har eigarinteresser i, samt føremålet med desse eigarinteressene.

Ei ny og oppdatert eigarskapsmelding i tråd med ny kommunelov ligg no til handsaming. Del 1, Kap. 1 er ei kort innleiing, samt gjennomgang av eigarskap og selskapsstyring. I kapittel 2 ligg retningslinjer for eigarskap, leiing og kontroll av selskap. Del 2 inneheld ei generell oversikt over ulike selskapsformer og samarbeid kommunen kan vera med i, og tek med i kva grad kommunestyret har styring og kontroll i dei ulike organisasjonsformene.

Kommunen si noverande eigarskapsmelding er frå 2016. Før den nye kommunelova var det ikkje krav om regelmessig handsaming av denne, difor har det ikkje blitt laga ny før no. Kommunen hadde revisjon på eigarskapsforvaltning hausten 2021 og rapport datert 24.01.2022. Det blei tilrådd at ein oppdaterer eigarskapsmeldinga.

Lovar, føresegner, rundskriv

Lov 22.6.2018 nr. 82 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova).

Økonomiske konsekvensar

Saka medfører ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Eigarskapsmelding for Austrheim kommune (2016)

Vurdering

Det vert synt til eigarskapsmeldinga. Reglane for eigarstyring byggjer på KS sine tilrådingar om eigarskap, men dei er tilpassa «våre tilhøve» med tanke på storleik og tal selskap vi er med i.

Kommunedirektøren meiner at kommunen med denne meldinga får eit godt grunnlag for å utøve eigarskapsforvaltning og følgje opp utviklinga i dei selskapa og samarbeida vi er med i.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår følgjande:

1. Eigarskapsmelding 2022 – 2024 for Austrheim kommune, vert godkjent.
2. Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.